



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2021/6389 - 43561/2021	Rebekka Varne, 71 28 03 51	23.03.2021

Hofseth Aqua AS org. nr. 828764292 - Søknad om ny akvakulturlokalitet i sjø for laks, aure og regnbogaure på Bugane i Sykkylven kommune

Søknad frå Hofseth AS om ny akvakulturlokalitet på Bugane i Sykkylven kommune er lagt ved.

Det er søkt om ein lokalitetsbiomasse på 3120 tonn MTB for matfisk av laks, aure og regnbogaure. Arealet er ikkje sett av til akvakultur, men det er gitt dispensasjon frå kommunen sin arealdel for 5 år. Dispensasjonsvedtak er lagt ved. Anlegget vil ligge i eit aktsomheitsområde for skred og ras, fagleg rapport vil bli ettersendt.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal behandlast etter kapittel 3 Vurdering om planar eller tiltak etter §8 krever konsekvensutredning (§§ 9-12).

Fylkeskommunen sin vurdering er at dokumentasjonen som er lagt ved søknaden tilfredsstillar kravet om at søker gjer ein eigen KU-vurdering. Vår vurdering er at dei rapportane som er lagt ved gjer at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Sykkylven kommune.

Meiner sektormyndigheitene at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredsstillande utgreia i søknaden må det meldast til fylkeskommunen innan **4 veker** (23.04.2021). Vi ber om at de konkretiserer kva forhold som bør belyst nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Sykkylven kommune legg søknaden ut til offentleg innsyn i 4 veker. I følgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planer og interesser. Kommunen si uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune seinast **12 veker** (15.06.2021) etter at de har mottatt søknaden.

Meiner en part at tiltaket kan få vesentlege verknadar, og det ikkje er tilfredsstillande utgreia i søknaden, må det meldast til fylkeskommunen etter kunngjering. Høyringsparten må konkretisere kva forhold som må belyst nærare. Møre og Romsdal fylkeskommune vil saman med aktuelle sektormyndigheiter vurdere om ei tilleggsutgreiing er naudsynt.

Med helsing

Rebekka Varne
rådgivar

Kopi:
HOFSETH AQUA AS Havnegata 11 6005 ÅLESUND

Vedlegg

- 1 Åkerblå - Korallundersøkelse Bugane HA 101419-02-000.pdf
- 2 Åkerblå - HS_Bugane_Komplettkartpakke_0119_R1.pdf
- 3 NTNU - Ny Rapport_Optimal lokalitetsorganisering i indre Storfjord.pdf
- 4 Åkerblå - SR-M-06017-Bugane0917-ver01.pdf
- 5 Åkerblå - Strandsoneundersøkelse Bugane.pdf
- 6 Åkerblå - SM-T-00619-Bugane0619-ver01.pdf
- 7 Åkerblå - Notat Organisk utslipp Matfiskalegg Hofset Aqua As0719.pdf
- 8 Åkerblå - HA C ASC Bugane 0319.pdf
- 9 Åkerblå - Kom_Hring_Bugane_arealplan_1019.pdf
- 10 Åkerblå - Forundersøkelse Bugane 0119.pdf
- 11 Åkerblå - B-undersøkelse Bugane.pdf
- 12 NGI - 20180965-01-TN_Flodbølge oppdrettsanlegg Storfjorden_endelig.pdf
- 13 IK - Risikovurderinger beredskap matfisk.pdf
- 14 IK - Risikovurderinger matfisk.pdf
- 15 IK - Overvåkningsprogram Miljø.pdf
- 16 IK - Kvalitetshåndboken innholdsfortegnelse matfisk.pdf
- 17 IK - Ivaretagelse av fiskevelferd.pdf
- 18 Følg brev til søknad - Bugane 10.03.2021.pdf
- 19 Disp. til akvakultur ved Bugane - Vedtak Sykkylven kommunestyre med klagerett.pdf
- 20 IK - Fiskehelseplan 2020-2021.pdf
- 21 Søknad - Bugane 10.03.2021
- 22 IK - 20192020 Lusebekjempelsesplan Sunnmøre.pdf
- 23 IK - Beredskapsplan Matfisk.pdf